

Norges vassdrags- og energidirektorat
Postboks 5091 Majorstua
0301 OSLO

Stord	03.07.2024
Dykkar ref.	
Vår ref.	156878/2
Arkivnr.	312-001
Saksbehandler	Sture A. Karlsen
Sider	2

Søknad om forlenga og utvida løyve til mellombels fråvik frå manøvreringsreglement for magasin Hardelandsvatn i Etne kommune (jfr. vrl. § 8)

Vi syner til NVE sitt vedtak datert 2. april i år med løyve til å senke vasstanden i Hardelandsvatn med inntil 1,0 m under LRV i perioden 15. april til 15. november 2024.

Arbeida med dammane ved Hardelandsvatn var planlagt å ta til medio april og var venta å ta 6-7 månader. Så lenge arbeidet med å setje i drift nye Løkjelsvatn kraftverk har gått føre, har det av miljøomsyn vore påkravd med høg vasstand i Hardelandsvatn. Arbeidet har diverre tatt meir tid enn vi rekna med og har gjort at vi ikkje har kunne setje i gang damarbeida. Først 17. juni vart dette arbeidet starta.

Vi har dermed mista 2 av dei 7 månadane vi har løyve til å senke magasinet under LRV. Dette gjer også at arbeidet vert forskyva inn i ei ugunstigare årstid for denne type arbeid. I tillegg skal Løkjelsvatn kraftverk stoppast i august/september for å utføre restarbeid i driftsvassvegen. Dette arbeidet kan komme til å ha påverknad på arbeida i Hardelandsvatn.

Magasinet er no senka til under LRV. Vi har konstatert at det er ein terskel eit lite stykke oppstraums dammane som gjer at magasinet oppstraums terskelen berre let seg senke til ca. LRV, med mindre det vert gjort fysiske tiltak i terskelen. Sjå vedlagte bilete som illustrerer situasjonen. På bileta er vasstanden inn mot inntaksdammen ca. 0,5 m under LRV.

Nedstraums terskelen har vi praktisk mogleik til å senke magasinet heilt ned til ca. kote 189,6 ved å nytte tappeluka i inntaksdammen. Helst ønskjer vi å halde magasinet nede ved å køyre vatnet gjennom Litledalen kraftverk. På denne måten får ein utnytta vatnet til straumproduksjon, og det er mykje lettare å halde vasstanden i magasinet i samsvar med løyvet som er gjeve. Tappeluka i inntaksdammen vert operert manuelt, og det er krevjande å operere denne slik at løyve vert overhalde. Ved køyring gjennom kraftverket kan vi senke magasinet ikkje lenger ned enn ca. kote 190. Vasstanden bør helst vere høgare enn dette for å kunne køyre kraftverket på ein god måte. Sidan terskelen gjer at vi ikkje har heile magasinet å køyre på, berre den vesle vassmengda som står mellom terskelen og dammen, vil det vere ein stor fordel å kunne variere vasstanden i dette området meir enn det vi alt har fått løyve til. Både av omsyn til miljø og kraftproduksjon ønskjer vi å halde vasstanden så

høg som mogleg i dette området, men ha mogleik til å variere denne noko meir enn i magasinet oppstraums terskelen.

På denne bakgrunn søker Sunnhordland Kraftlag AS om:

1. Forlenga løyve til å senke magasinet t.o.m. 28. februar 2025.
2. Løyve til å senke magasinet ned til kote 193,2, dvs. 1,0 m under LRV, oppstraums terskelen i vatnet fram t.o.m. same dato som i pkt. 1.
3. Løyve til å senke magasinet ned til kote 189,6, dvs. 4,6 m under LRV, nedstraums terskelen frå løyve vert gjeve og fram t.o.m. same dato som i pkt. 1.

Vi håper på ei rask og positiv handsaming.

Med helsing
SUNNHORDLAND KRAFTLAG AS

A handwritten signature in blue ink that reads 'Sture A. Karlsen'. The script is cursive and fluid.

Sture A. Karlsen
Vassdragsteknisk ansvarleg
ska@skl.as